



Ålesund kommune
Rådhuset
6025 ÅLESUND

Ålesund kommune. Oversending av rapport etter kontroll ved kloakkreinseanlegg

Vedlagt følger endeleg rapport etter kontroll ved RA 2 i Ålesund den 18.06.08. Ved kontrollen vart det funne 2 avvik og gitt ein anmerkning.

Vi ber om tilbakemelding innan 01.03.09 om når og korleis avvika blir retta opp.

Fylkesmannen varslar at dersom avvika ikkje blir retta innan rimeleg tid vil det bli vurdert å sette frist for dette og knytte tvangsmulkt til denne.

Fristen om tilbakemelding kan påklagast innan 3 veker etter mottak av vedtaket. Ei eventuell klage skal grunngjevast, og den skal stilast til Statens forureiningstilsyn, men sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Med helsing

Kolbjørn Megård (e.f.)
seksjonssjef

Noralv Bell

vedlegg: Rapport nr. 1

	KONTROLL AV ÅLESUND KOMMUNE RA 2 Skutvika	RAPPORT NR 1. 10/2008
--	--	--

**Adresse til
verksemda:**

Ålesund kommune

Arkivkode:

Utsleppsløyve

Dato for kontroll:

18.6.2008

**Fylkesmannens
kontrollør:**

**Noralv Bell
Gunnhild Liva Austvoll**

Gebysats: 4

**Tilstede fra
virksomheten:**

**Joar Strand
Svein André Johansen**

Innhald i rapporten:

Rapporten inneheld dei avvik og anmerknings som blei konstatert innan følgjande hovudtema:

- Internkontrollforskrifta
- Reinsekraft til avløpsanlegget
- Overløp av ureina vatn
- Utsleppskontroll

Hovedkonklusjon:

Under kontrollen blei det konstatert følgjande avvik:

- Det var ikkje utført skriftleg risikovurdering for avløpsanlegget
- Kravet om akkreditering for prøvetaking er ikkje vurdert.

Fylkesmannen har elles følgjande anmerkningar:

- Håndteringa av avviksbehandlingssystemet var mangelfull
- Vassprøvene blir ikkje tatt mengdeproporsjonalt

Fylkesmannen ser det som positivt at verksemda har:

- Gode vakrutinar

Utarbeidd dato:

Godkjend dato:

Sign.:
Noralv Bell
kontrollør

Sign.:
Kolbjørn Megård
seksjonssjef

Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter ein varsla rutinekontroll. Kontrollen er gjennomført i hovedsak for å verifisere at gjeldande krav med tanke på å verne ytre miljø blir halde. Kontrollen fokuserer på å halde krav. Rapporten viser dei avvik og anmerkningar som blei konstatert under kontrollen innan fylkesmannen sitt forvaltningsområde. Rapporten gjev såleis ***ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.***

- AVVIK er definert som: *brot på krav fastsett i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen.*
(F. eks. brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova, forskrifter heimla i desse to lovene, eller enkeltvedtak (krav og vilkår) i medhald av nemnde lover/forskrifter, dispensasjonar eller fastsett i utsleppsløyve.)
- ANMERKNING er definert som: *eit forhold som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse, miljø og sikkerheit og som ikkje kjem under definisjonen for avvik.*

Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for kontrollen var m.a.:

- Utsleppsløyve av
- Aktuelle lover og forskrifter som forureiningsforskrifta §11 og 14 og Internkontrollforskrifta § 5.

Omfang

Hovedtema for kontrollen var:

- Internkontroll
- Utslippskontroll
- Overløp
- Rensekrav

For nærare spesifisering, sjå skjema i vedlegg 1.

Avvik

Følgjande avvik blei konstatert under kontrollen:

Avvik 1: Det kunne ikkje leggjast fram risikovurdering for avløpsanlegget

Avvik frå: *Internkontrollforskrifta § 5punkt 6.*

Kommentar: Det kunne ikkje leggjast fram risikovurdering for avløpsanlegget når vi var på kontroll i juni, men etter det vi forstod blir det arbeidd med å utvikle rutiner.

Avvik 2: Kravet om akkreditering er ikkje vurdert

Avvik frå: *forureiningsforskrifta § 14-5 og Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7.*

Kommentar: Forskrifta set krav om at prøvetaking skal utførast av akkreditert verksemd frå 1. jan 2009. Det vart ikkje lagt fram dokumentasjon som viser at det er utarbeidd avtale med firma eller opplæring av personell ved tilsynet i juni. Korrespondanse bekrefter at det ikkje var valt løysing på dette i juni.

Anmerkingar

Følgjande forhold blei avdekka under kontrollen:

Anmerkning 1: Mangelfull oppfølging av avvikshåndtering ved behandlingsanlegget.

Kommentar: Avvik var notert i bok, men ikkje systematisert. Det var óg lite tilgjengeleg for statistikk og utsjekking og avslutting av avvik. På grunn av konkurranseutsetting ved kjøp av utstyr er valg av system utsett.

Anmerkning 2: Vassprøvene blir ikkje tekne mengdeproporsjonalt, da overløpsbidraget ikkje blir målt og registrert for så å bli teke med ved berekning av rensegrad.

Kommentar: Prøvetakinga av utløpsvatnet er lokalisert slik at prøva ikkje inkluderer avløpsvatn som går i overløp i eller ved renseanlegget, når anlegget er ute av drift .